

VEDTEKTER FOR 5 MANNSBUSTAD ALVERNESET gnr 137, bnr 800

ALVERNESET SAMEIGE

1. Egedomsbeteikning:

5 mannsbustad Alverneset sameige gbnr 137 gbnr 800, Lindås kommune, med parkeringskjellar

I dette ligg det 5 bustadseksjonar, med tilhøyrande terrasser, fast(e) parkeringsplass(ar) og boder.

Felles parkeringskjellar

Det er sett av 8 faste parkeringsplass for dei 5 bustadene/seksjonane, 2 stk til seksjon 1, 1 stk til seksjon 2, 2 stk til seksjon 3, 1 stk til seksjon 4 og 2 stk til seksjon 5.

For dei resterande 12 plassane vert eigarskap og bruksrett gjeve til Reigstad Bygg og Eigedom as, jf vedlagte avtale som skal tinglyst.

2. Fellesareal

Alt areal på gbnr 137/800 unnateke dei seksjonerte bustadeiningane (1-5), private terrasser (TG1-5), fast parkering (TG1-5) og boder (TG1-5) i kjellar, samt parkeringsareal i kjellar vist som "RBE tinglyst" er fellesareal for seksjon 1-5 med desse unntaka:

1) Tilkomst/kjøreareal i parkeringskjellar

Areal som ikkje er avsett til parkering, boder, heis/trapperom og teknisk rom er fellesareal for seksjon 1-5 og for rettighetshavarar til tinglyste parkeringsplassar, jf. pkt. 1 over.

2) Tilkomstveg til parkeringskjellar er felles for seksjon 1-5 og rettighetshavarar av dei tinglyste parkeringsplassane jf. pkt 1 over.

For eigarar av parkeringsplassar i kjellar vist som "RBE- tinglyst", og for gbnr 137/798 vert det gjeve gangrett på dei etablerte stiane som er vist på situasjonskart datert 13.11.2017.

3. Idèell andel:

Alle 5 bustadseksjonar har Idèell andel, basert på bruksareal (BRA). Inntekter/utgifter og vedlikehald skal delast etter dette.

For felles tilkomstveg og parkeringskjellar skal inntekter/utgiftene delast pr. disponert parkeringsplass.

For gangstiar der det også er gjeve bruksrett til "RBE tinglyst" og gbnr 137/798, skal inntekter/utgiftene delast pr. disponert parkeringsplass i kjellar, med tillegg 1 del for gbnr 137/798.

4. Styret i sameige skal bestå av 5 personar, ein frå kvar bustadseksjon.

I saker som gjeld parkeringskjellar og tilkomstveg, vert styret utvida til 6 personar, ein frå kvar seksjon 1-5, samt ein fellesrepresentant frå eigar av dei tinglyste parkeringsplassane.

5. Gjesteparkeringsplassar på gbnr 137/800

Det er to utvendige parkeringsplassar på eigedomen gbnr 137/800, desse er felles for seksjon 1-5 og skal nyttast som gjesteparkering.

Plassen skal nyttast som parkering for personbilar. Det er ikkje tillete med parkering av bubilar, campingvogn, tilhenger eller liknande.